

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene i
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

onsdag, 05.12.2018 kl. 14.00, F-salen, Kommunchuset.

SAKLISTE:

- Sak 18/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 15.10.2018
- « 19/18 - Revisjonsstrategi 2018 Sykkylven kommune
- « 20/18 - Påstander om urett sakshandsaming ved sal av bustader gjennom Sykkylven Bustadselskap AS - oppfølging av sak 14/18
- « 21/18 - Oppdatert orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar
- « 22/18 - Møteplan for Sykkylven kontrollutval 2019

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Sak 18/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 15.10.2018

KONTROLLUTVALET I SYKKYLVEN KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 15.10.2018, kl.14.00 – 15.45

Møtestad: F-salen, Rådhuset

Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Elles til stades:

Karen Elise Matheson, Roger Welle, Torill Velle og Grete Melseth (vara)
Ståle Eikrem hadde meldt forfall.

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Kommunerevisjon3 møtte revisor Anne Nygård.

Frå kommunen møtte ordførar Odd Jostein Drotninghaug og rådmann May Helen Molvær Grimstad.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling. Til saklista brukte ordføraren taleretten sin, og oppmoda kontrollutvalet om ikkje å realitetsbehandle sak 13/18, sidan denne var under politisk handsaming i kommunen. Leiar Rolf Bergmann sette oppmodinga opp til votering, og denne fall mot 3 stemmer. Kontrollutvalet valde å behandle sak 13/18 som ei orienteringssak.

Sak 12/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 28.05.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak om møteboka:

Møtebok frå møte 28. mai 2018 blir godkjend.

Sak 13/18 Orientering av rådmann om oppretting av nytt legesenter i Sykkylven

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 08.10.2018

Saka vart lagd fram utan tilråding frå sekretariatet.

Saka vart innleia med at leiar Rolf Bergmann gav ei stikkordsmessig orientering før rådmann fekk ordet. Kontrollutvalsmedlem Karen Elise Matheson ba om protokolltilførsel på følgjande: Under voteringa om saka skulle handsamast eller ikkje, var det ikkje opplyst at leiar skulle gje noko stikkordsmessig innleiing før rådmann fekk ordet. Karen Elise Matheson meinte dette var brot på kva som var avtala før voteringa.

Rådmann fekk så ordet, og gav ein lysarkpresentasjon rundt tema i saka.

Leiar Rolf Bergmann la fram følgjande forslag:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Sak 14/18 Påstander om urett sakshandsaming ved sal av bustader gjennom Sykkylven Bustadselskap AS

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 08.10.2018

Saka vart lagd fram utan tilråding frå sekretariatet.

Torill Velle bad om å få vurdert habiliteten sin og forlet møtet. Dette var knytt til hennar styreverv i Sykkylven Bustadselskap AS. Kontrollutvalet kjende henne inhabil. Ingen vararepresentant kom inn som vara for Velle, og kontrollutvalet var 4 voterande.

Leiar Rolf Bergmann la fram følgjande forslag:

Kontrollutvalet ber seg framlagd dokumentasjon frå Sykkylven Bustadselskap AS på det arbeidet som er gjort i høve saka.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber seg framlagd dokumentasjon frå Sykkylven Bustadselskap AS på det arbeidet som er gjort i høve saka.

Sak 15/18 - Budsjettforslag 2019 for Sykkylven kontrollutval

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 08.10.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 45.000,-.

Saka vert sendt over til rådmann for innarbeiding i kommunen sitt budsjett for 2019, men står uendra til kommunestyret si budsjetthandsaming, jfr. Forskrift om kontrollutvalg i kommuner, § 18 budsjettbehandlingen.

Sak 16/18 - Orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 08.10.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

17/18 - Referatsak: Spørsmål frå Rådet for funksjonshemma

Epost frå leiar Rolf Bergmann til Sonja Ø Hustad.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Møtet vart avslutta kl. 15.45.

Neste møte vart avtala til onsdag 5. desember, kl. 14.00, F-salen.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Roger Welle
medlem
(sign.)

Karen Elise Matheson
medlem
(sign.)

Torill Velle
medlem
(sign.)

Grete Melseth
varamedlem
(sign.)

Sak 19/18 - Revisjonsstrategi 2018 Sykkylven kommune.

Vedlegg: Brev frå Kommunerevisjon 3 datert 17. oktober 2018.

Bakgrunn:

Det er eit krav at revisor skal utarbeide ein plan for korleis revisjonen skal gjennomførast. Revisjonsplanen byggjer på ein overordna revisjonsstrategi som skildrar føremål og omfang på revisjonen, når revisjonen skal utførast og kva angrepsvinkel den skal ha. Revisjonsplanen og -strategien skal byggje på ei risiko- og vesentlegvurdering. Det er mange høve som inngår i denne vurderinga, mellom anna endringar i oppgåver, tenester og organisering i kommunen, og om eit område har blitt revidert tidlegare år.

Planen vil mellom anna omfatte dei rekneskapsområda og rekneskapspostane som vil inngå i den årlege revisjonen. Einskilde område vil som regel inngå i revisjonsplanen kvart år. Dette gjeld til dømes store inntekts- og utgiftspostar som skattar, rammetilskot, løn og innkjøp. Vidare skildrar revisjonsplanen kva revisjonshandlingar revisor skal utføre innan dei einskilte områda, og tidspunkt for gjennomføring.

Kontrollutvalet kan i framkant av rekneskapsåret be om at revisor gjev ei orientering om revisjonsstrategien, revisjonsplanen og dei risikovurderingane planen byggjer på. Revisjonsplanen vil vere eit naturleg grunnlag for kontrollutvalet si oppfølging i løpet av rekneskapsåret.

Kontrollutvalet bør vere kjend med dei ulike aktivitetane som revisor gjennomfører i samband med rekneskapsrevisjonen.

Sjå vedlagde rapport frå Kommunerevisjon 3 til rådmann og kontrollutvalet, kalla overordna revisjonsstrategi 2018. Rapporten vert lagd fram for utvalet som ei orientering.

Hvis kontrollutvalet ønskjer å kommentere eller ta opp eitt eller fleire høve ved rapporten, står kontrollutvalet fritt til å gjere dette.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Kontrollutvalet framhevar det fokuset som er nemnd i overordna revisjonsstrategi 2018 for Sykkylven kommune, og påpeiker at det er viktig at dette blir teke med vidare.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI – SYKKYLVEN KOMMUNE - 2018

INNLEIING

I Internasjonal revisjonsstandard ISA 300 – Planlegging av revisjon av eit rekneskap, punkt 7, går det fram at:

«Revisor skal utarbeide en overordnet revisjonsstrategi som beskriver revisjonens innhold, når den skal utføres og angrepsmåte, samt gir veiledning for utarbeidelsen av revisjonsplanen».

KARAKTERISTISKE TREKK VED OPPDRAGET

Årsrekneskapen omfattar kommunen si verksemd. Kommunen har tenester levert av kommunale aksjeselskap og deltek i interkommunale samarbeid/selskap. Disse utarbeider egne rekneskap som blir revidert særskilt.

Det er eit komplekst regelverk som gjeld for alle forvaltningsområda i kommune. Det meste av aktiviteten er regulert i lov- og forskrift, og eventuelle endringar i lovverk, statlege pålegg og liknande vil påverke kommunen. Rammevilkåra er etter vår vurdering ikkje sterkt endra frå 2017 til 2018.

Komrev3 IKS har revidert kommunen over lang tid, og har gjennom dette opparbeidd god kunnskap om oppdraget.

KOMMUNIKASJON OG RAPPORTERING

Komrev3 IKS skal legge vekt på å ha ein god og konstruktiv dialog med kommunen. Gjennom året skal det vere ein kontinuerleg dialog med mellom anna økonomiavdelinga. Ved vesentlege forhold vil ein sikre ein god dialog med rådmannen. Det vert gjennomført eit møte med rådmann og økonomisjef i samband med planlegging av revisjonen.

Revisjonsmelding skal vere avlagt seinast 15.04.2019. Dersom noko blir avdekkja jf. revisjonsforskrifta § 4, vil dette bli rapportert utan opphald i nummererte brev til kontrollutvalet med kopi til administrasjonssjefen innan fristen for revisjonsmeldinga.

Dersom det elles gjennom den ordinære revisjonen vert avdekkja forhold som er av ein slik art at det skal sendast brev, vil dette bli gjort fortløpande. Annan informasjon og rapportering til kontrollutvalet vil bli vurdert kontinuerleg.

REVISJONSTEAM

Revisjonsselskapet har sett til at revisjonsteamet si samansetning bidreg til å sikre at oppdraget blir gjort i samsvar med god kommunal revisjonsskikk.

Arbeidet blir utført av revisjonsteam som er sett saman av:

Oppdragsansvarleg revisor: Anne Nygård

Teammedlemar: Mari Ann Yndestad og Randi Kalvatsvik

Revisjonsteama har tilstrekkeleg kompetanse til å revidere oppdraget. Ved behov vil både dagleg leiar og andre revisorar bli meir involvert i revisjonen av oppdraget. Ved behov for ytterlegare spesialkompetanse vil det bli vurdert særskilt.

VURDERING INNLEIANDE HANDLINGAR

Vår vurdering er at det i all hovudsak er kontinuitet i oppdraget Sykkylven kommune. Kommunen har gjennomført omstillingar, og hadde eit relativt godt økonomisk resultat i 2017. Økonomien har delvis vore regulert gjennom utskriving av eigedomsskatt.

REVISJONSÅRET

Revisjonen blir delt i 3 fasar: Planlegging, interimsrevisjon og årsoppgjørrevisjon.


	Mai	Juni	Juli	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mars	April
Planlegging og oppstart av nytt år												
Interimsrevisjon - testing av rutinar												
Årsoppgjørrevisjon												
Attestasjon momskompensasjon												
Attestasjonar												

OMRÅDE

Ut frå førebelse identifiserte risikoområde, samt rullering av fokusområde, blir det mellom anna sett meir på følgjande i rekneskapsrevisjonsåret 2018 (lista er ikkje uttømande)

- Testing av rutinane for utskriving av eigedomsskatt
- Testing av rutinane for vederlagsberekning for opphald i institusjon
- Rutinar for førebygging av misleg framferd pasientmidlar og byggjesaksbehandling
- Rullerande kontroll av sosiale utbetalingar inklusive utbetalingar til flyktningar

Ålesund, 17. oktober 2018



Kurt Løvoll
konst. dagleg leiar



Anne Nygård
oppdragsansvarleg revisor

Sak 20/18 - Påstander om urett sakshandsaming ved sal av bustader gjennom Sykkylven Bustadselskap AS - oppfølging av sak 14/18

Vedlegg:

1. Styreprotokoll frå Sykkylven Bustadselskap AS, 9. mai 2018
2. Styreprotokoll frå Sykkylven Bustadselskap AS, 14. juni 2018
3. Notat frå meklar Espen Garli vedkomande handsaming av salsprosessen
4. Tillegg til styreprotokoll frå Sykkylven Bustadselskap AS, 2. april 2017

I tillegg har det vore eit møte mellom sekretariatet og dagleg leiar Vidar S. Nakken i Sykkylven Bustadselskap AS i høve saka (fredag 19. oktober 2018).

1. Bakgrunn:

Kontrollutvalet gjorde i møtet sitt 15. oktober 2018 følgjande vedtak:

Sak 14/18 Påstander om urett sakshandsaming ved sal av bustader gjennom Sykkylven Bustadselskap AS

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 08.10.2018

Saka vart lagd fram utan tilråding frå sekretariatet. Torill Velle bad om å få vurdert habiliteten sitt og forlet møtet. Dette var knytt til hennar styreverv i Sykkylven Bustadselskap AS. Kontrollutvalet kjende henne inhabil. Ingen vararepresentant kom inn som vara for Velle, og kontrollutvalet var 4 voterande.

1.1 Leiar Rolf Bergmann la fram følgjande forslag:

Kontrollutvalet ber seg framlagd dokumentasjon frå Sykkylven Bustadselskap AS på det arbeidet som er gjort i høve saka.

1.2 Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber seg framlagd dokumentasjon frå Sykkylven Bustadselskap AS på det arbeidet som er gjort i høve saka.

2. Vurdering:

2.1 Kontrollutvalsekretariatet har i tillegg til å innhente dokumentasjon frå Sykkylven Bustadselskap AS også tillete seg å gjere ei kort vurdering av saka på vegne av kontrollutvalet. Dette skuldast også det fokuset saka fekk i media etter førre møte i kontrollutvalet, og den rolla sekretariatet meiner Sykkylven kontrollutval har i å sjå nærare på saka.

2.2 Grunnlaget for i det heile å sjå nærare på denne saka finn ein i kontrollutvalet sine vedtekter § 3:

Utvalet kan utføre kontroll og tilsyn på alle område, og vedkomande eitkvart spørsmål, som

gjeld kommunen og/eller kommunale føretak si verksemd.

Utvalet kan ikkje overprøve dei folkevalde organa sine politiske prioriteringar, men kan

vurdere om både avgjerdene og avgjerds måten er i samsvar med krava i lova.

Utvalet kan føre kontroll med kommunen sine kontaktar med private tenesteproducentar

som utfører oppgåver på vegner av kommunen, eller er leverandørar av varer og tenester til kommunen.

3. Klaga som er framsett av Stein Dalseth inneheldt 2 spesifikke påstandar:

3.1 Manglande bodoppdatering på sal av husværa Brisingvegen 3 E og B, og påstand om urett sal av husværa under takst.

3.2 I tillegg er det gjort kjend gjennom styreprotokoll datert 9. mai 2018 at det er slektskap mellom styreleiar og kjøpar av Brisingvegen 3 B. Dette er også omtala av dagleg leiar Vidar S. Nakken i møte med sekretariatet.

4. Desse tre momenta som ligg til grunn for påstander om feil i sakshandsaming ved sal av husværa i Brisingvegen må i tilfelle sjåast opp mot følgjande prosessar:

Dagleg leiar si handtering av påstandar, styret si handtering og meklaren si handtering av saka.

Dette kjem for så vidt greitt fram i dei vedlegga som er innhenta i høve saka, og må vidare sjåast i samanheng med kontrollutvalet si rolle som organ for å avdekkje systemsvikt eller rutinesvikt.

5. Ein presiserer at kontrollutvalet ikkje er nokon domstol som skal fordele skuld eller seie dom. Kontrollutvalet si rolle bør vere å gjere eigar (kommunestyret) merksam på eventuelle svakheiter, eller kome med råd om korleis ting kan gjerast betre for å unngå framtidige påstander om feil i sakshandsaminga.
6. Vurderinga til sekretariatet er at påstandene som er framsett er profesjonelt handtert av bustadselskapet, og ber preg av at dette ønskjer bustadselskapet å kome til botns i. Det er klart at meklar innrømer systemsvikt knytt til bodoppfølging, og dette har tydeleg ramma Stein Dalseth. Vidare undersøkingar knytt til mobilselskap og innhenting av faktum verkar uvesentleg, og det er umogleg å fastslå kven som har rett i kva. Det kan heller ikkje vere kontrollutvalet si oppgåve å undersøkje ein tredjepart, som meklar er, i denne samanhengen.
7. Påstanden om at husværa er selde under takst blir greidd ut om i vedlagde notat frå styret. Dagleg leiar Vidar S. Nakken hadde fullmakt til å selje under takst i lys av målsetjinga om å få avhenda flest mogleg husvære, jfr. vedlegg 4.
8. Det som bør vere kontrollutvalet si oppgåve å sjå etter, er om varsemnda som bør utvisast når det er snakk om slektskap, er følgd. Her er det gjort kjend slektskap mellom kjøpar av husværet Brisingvegen 3 E og styreleiar i bustadselskapet (kjøpar er niesa til styreleiar).
 - 8.1 Det vert presisert frå dagleg leiar Vidar S. Nakken at problemstillinga, når ho vart kjend, vart diskutert med leiar og nestleiar i styret, for å unngå framtidige spekulasjonar. Også her kan det sjå ut som dagleg leiar har vore seg sitt ansvar medvite og vurdert spørsmålet om mogleg habilitet for å unngå spekulasjonar kring salet.
 - 8.2 I kva grad slike vurderingar kan bli grundige nok, er vanskeleg å konkludere med. Kanskje burde problemstillinga vore diskutert med eit samla styre, og ikkje berre lagd fram for leiar og nestleiar. Det blir frå dagleg leiar understreka at kjennskap til kven som var bodgjevar og til slutt kjøpar av Brisingvegen 3 B, var årsak til at han kontakta leiar og nestleiar i styret. Problemstillinga har dermed utvilsamt vore vurdert av dagleg leiar i bustadselskapet.
9. Som organet til kommunestyret for løpande kontroll og tilsyn, er det naturleg at kontrollutvalet rapporterer tilbake til kommunestyret når ein får innspel via media, innbyggjarar eller andre organ i kommunen. I denne saka bør ein informere kommunestyret, som også er generalforsamling i bustadselskapet, om at det er viktig å gjere grundige vurderingar i saker som ein veit kan bli gjenstand for spekulasjonar. Sal av bustad til slektning av styreleiar i bustadselskapet er eit slikt høve.
10. Avslutningsvis kan det vere på sin plass å minne om «kontrollvetreglane» og spesiell regel 9: **Spar på kreftene, men grav vidare i sakene om naudsynt.** I denne saka kan det sjå ut som at bustadselskapet sjølv har gjort eit grundig arbeid for å avdekkje moglege misgjerningar. Styret i bustadselskapet er også tilsynet til selskapet/kontrollorgan, og har vurdert saka i 2 styremøter.

Kontrollutvalsekretariatet si tilråding til vedtak:

Sykkylven kontrollutval tek saka til vitande, og ønskjer at kommunestyret blir gjort kjend med problemstillingane som blir omtala. Særskilt gjeld dette prinsippet om varsemnd knytt til habilitet.

Saka vert å sende i sin heilskap som referat til kommunestyret.

Bjørn Tømmerdal

Dagleg leiar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

**PROTOKOLL FRA STYREMØTE
Onsdag den 09.05.18**

Sted: Kontoret i Sykkylvsvegen 125, Næringsfabrikken
Tid: Onsdag 09.05.18 kl. 12.30

Disse møtte: Otto Magne Strømmegjerde, leder
Helga Lermo Johansen, nestleder
Odd Arne Eidem, styremedlem
Torill Velle, styremedlem
Vidar Nakken, dagleg leder

Arvid Magne Aure, styremedlem, stilte ikke.

Sak 9/18 Godkjenning av innkalling.
Innkalling godkjent.

Sak 10/18 Gjennomgang og godkjenning av foreløpig regnskap 2017
Regnskapet er levert til revisjon som fremlagt i styremøtet. Det kan bli korrigeringer fra revisor, spesielt på avsetninger til tap i følge regnskapsfører.

Utestående har stort fokus. Det jobbes systematisk med de som ikke betaler, og det er med uro vi ser at utestående har vokst med over 400.000,- kr. i 2017, til tross for stort fokus og mye nedlagt arbeid på området. Stor økning i kostnader med strøm med rundt 240.000,- skyldes stor andel utleie til flyktninger inkl. strøm. Liten vekst i utleieinntekt skyldes tap av inntekt både i Brisingvegen 3, Husnakken 12-14 og i boliger under oppussing, samt kreditering av utestående på personer under gjeldsoppfølging. Økning i lønnsutgift på kr. 245.000,- skyldes primært tre ting. Dobbel lønn i en periode i 2017 for 2 dagl. ledere, bilbruk rapportert nå inn som skattefordel på dagl. leder og ansettelse av Liliana Fernandez Bøe i en mindre stillingsbrøk til fakturering og oppfølging av kunder.

Har tatt igjen etterslep på bygningsmasse og utbedret flere leiligheter, byttet tak på firemannsbolig osv. samlet sett har vi brukt 702.000,- mer enn i 2016.

Det ble underskudd for 2016 på 2.246,- kr. før eventuelle korrigeringer fra revisor. Foreløpig regnskap ble godkjent.

Sak 11/18

Påstand om uryddighet i forbindelse med salg, redegjørelse fra daglig leder.

I forbindelse med salg av boligene i Brisingvegen 3 så har det blitt rapportert mistenkeligheter ved budgivning og det er fremsatt påstander om mulig korrupsjon i salg av Brisingvegen 3B til Ann Kathrin Strømmegjerde. Påstanden er satt frem av Stein Dalseth. Dalseth har vært i kontakt både med ordføreren og Odd Arne Eidem i vårt styre og lagt frem bekymringene sine.

Dalseth hevder at han ikke har fått tilbakemelding på budruder som har foregått og at han dermed har vært forhindret fra å kunne by på boligen. Han har sendt logg fra egen telefon til Odd Arne Eidem for å vise at der ikke er noen meldinger mottatt, og han hevder at også en annen person ikke har fått tilbakemelding heller. Systemet for tilbakemelding, er tekstmeldinger generert gjennom et eget system for budgivning som megleren har, et system som sender melding til alle involverte parter ved endring av bud og varsel om gjennomført salg. Dalseth hevder at han ved salg av to av boligene ikke har blitt varslet, både ved salg av E og B, og han stiller spørsmål ved fremgangsmåten ved salg.

Prosedylene fra oss har vært fulgt til punkt og prikke. Vi legger oss ikke borti noe av det som har med visninger og salg å gjøre, dette er det megler som har gjort hele veien. Bud går til megler via egen portal ved hjelp av kodebrikke fra bank, og bud ligger normalt bundet bare i 30 min. Ved budgivning får daglig leder samme melding på telefon som alle som har registrert seg som interessent/potensiell budgiver med telefonnr. hos megler får. Når det er 5 minutt igjen av budfristen, så må dagl. leder bekrefte via melding om bud aksepteres eller ikke..

Da budet på B kom om kvelden den 06.03.18 og budet var kr. 100.000,- under takst, gav daglig leder tilbakemelding til megler om at så kort svarfrist som 30 min ikke kunne aksepteres ved dette budet da dagl. leder ønsket å kontakte medlemmer av styret før en eventuell aksept av bud. Det ble dermed gitt bud med forbehold om frist fra 17.15 til 18.00 fra budgiver, noe som ga daglig leder mulighet til å få tak i styremedlemmer. Daglig leder tok så kontakt med både styrets leder og nestleder for å vurdere om salg kunne gjøres til denne prisen. Både styrets leder og nestleder var enig med daglig leder at vi burde selge siden dette var den eneste interessenten vi hadde på boligen, jfr. styrevedtak om å godta bud inntil 100.000,- under takst. Dette var den leiligheten det var aller mest å gjøre med og det hadde under hele prosessen med annonsering, visning og budgivning (over 3 uker) ikke vært andre interessenter på akkurat denne boligen. Det var derfor en reell frykt for at vi kunne bli sittende med boligen hvis vi ikke aksepterte budet, så når budfristen gikk ut aksepterte vi budet ved svar på tekstmelding.

SYKKYLVEN BUSTADSELSKAP AS

SYKKYLVESVEGEN 124 | 6230 SYKKYLVEN | FORTAKSNUMMER: 979 298 285 | TELEFON: 90 20 32 40

E-POST: post@bustadselskapet.no

Side 2 av 3

Intern logg fra budsystemet til megler viser at melding er sendt til Dalseth både når bud var gitt og når salg var gjennomført.

Styret tar henvendelsen til Dalseth på alvor. Det at kjøper har familiære relasjoner til folk i styret og at far hennes sitter i kommunestyret, kan selvfølgelig virke mistenkelig når en ikke ellers har den informasjonen som nevnt over, og hvis feil har forekommet fra megler sin side slik det er påstand om her, så kan det selvfølgelig virke mistenkelig. Hvis det er en feil fra megler sin side så kan både vi som selskap ha tapt mye penger på det, og potensielle budgivere kan ha mistet muligheten til å få kjøpe seg en bolig. Vi vil derfor gå så langt som mulig for å avdekke hva som kan ha skjedd, slik at vi er sikre på at saken er korrekt behandlet.

Forslag til vedtak fra Odd Arne Eidem og Torill Velle i styret:

Styret innkaller megler Espen Garli i styremøte innen kort tid for gjennomgang av prosedyrer ved salg, samt fremlegging av dokumentasjon på om hvorvidt meldinger har gått ut til alle potensielle budgivere. Hvis det ikke har gjort det, så må megler redegjør for hva de tenker å gjøre med det, både ovenfor oss og Dalseth.

Vi vil også be Dalseth om å legge frem dokumentasjon som viser at han ikke har mottatt melding, dokumentasjon innen rimelighetens grenser. Det bør kunne gå an å få en utskrift eller bekreftelse fra hans telefonselskap om at melding ikke er mottatt i den perioden melding skulle vært mottatt.

Nytt styremøte blir å få på plass så raskt som mulig.

Forslaget ble vedtatt enstemmig.

Sak 12/18

Eventuelt.

Ingen saker under eventuelt.

Otto Magne Strømmegjerde
styreleder

Helga Lermo Johansen
nestleder

Torill Velle
styremedlem

Odd Arne Eidem
styremedlem

Vidar S nakken
dagl. leder

**PROTOKOLL FRA STYREMØTE
torsdag den 14.06.18**

Sted: Kontoret i Sykkylvsvegen 125, Næringsfabrikken
Tid: Torsdag 14.06.18 kl. 14.30

Disse møtte: Otto Magne Strømmegjerde, leder
Helga Lermo Johansen, nestleder
Odd Arne Eidem, styremedlem
Torill Velle, styremedlem
Arvid Magne Aure, styremedlem.
Vidar Nakken, dagleg leder

Sak 13/18 Godkjenning av innkalling.
Innkalling godkjent.

**Sak 14/18 Orientering fra eiendomsmegler Espen Garli ang. salg av
Brisingvegen 3**

Påstand fremsatt mot Sykkylven Bustadselskap AS
Viser til sak 11/18 i protokoll for styremøte den 09.05.18 angående manglende tilbakemelding til budgiver i forbindelse av salg av Brisingsvegen 3B.

Espen Garli ga en fyldig og detaljert orienterte i sakens anliggende og hadde med seg dokumentasjon som viste hele fremgangsmåten rundt salget av den gitte boligen, og han kunne dokumentere at melding til alle interessenter var sendt og i forbindelse med at budgiving pågikk. Det kunne også dokumenteres at klagers telefonselskap har kvittert for mottatt melding fra megler. Ut fra den dokumentasjon og den gjennomgang megler hadde, så kan vi ikke se at han kan lastes for å ikke å ha gjort det han skulle i forbindelse med salg av denne boligen. Videre så vil Garli utarbeide en rapport angående prosedyrer som er fulgt og som han vil som sendes oss. Denne vil fungere som et vedlegg til styreprotokollen for å kunne utdype saken.

Når det gjelder daglig leder og Bustadselskapet sin håndtering av saken, så vises det til utdrag fra protokoll fra styremøte den 09.05.18

«Prosedylene fra oss har vært fulgt til punkt og prikke. Vi legger oss ikke borti noe av det som har med visninger og salg å gjøre, dette er det megler som har gjort hele veien. Bud går til megler via egen portal ved hjelp av kodebrikke fra bank, og bud ligger normalt bundet bare i 30 min. Ved budgiving får daglig leder samme melding på telefon som alle

SYKKYLVEN BUSTADSELSKAP AS

SYKKYLVSVEGEN 124 | 6230 SYKKYLVEN | FORTAKSNUMMER: 979 298 285 | TELEFON: 90 20 32 40
E-POST: post@bustadselskapet.no

som har registrert seg som interessent/potensiell budgiver med telefonnr. hos megler får. Når det er 5 minutt igjen av budfristen, så må dagl. leder bekrefte via melding om bud aksepteres eller ikke..

Da budet på B kom om kvelden den 06.03.18 og budet var kr. 100.000,- under takst, gav daglig leder tilbakemelding til megler om at så kort svarfrist som 30 min ikke kunne aksepteres ved dette budet da dagl. leder ønsket å kontakte medlemmer av styret før en eventuell aksept av bud. Det ble dermed gitt bud med forbehold om frist fra 17.15 til 18.00 fra budgiver, noe som ga daglig leder mulighet til å få tak i styremedlemmer. Daglig leder tok så kontakt med både styrets leder og nestleder for å vurdere om salg kunne gjøres til denne prisen. Både styrets leder og nestleder var enig med daglig leder at vi burde selge siden dette var den eneste interessenten vi hadde på boligen, jfr. styrevedtak om å godta bud inntil 100.000,- under takst. Dette var den leiligheten det var aller mest å gjøre med og det hadde under hele prosessen med annonsering, visning og budgivning (over 3 uker) ikke vært andre interessenter på akkurat denne boligen. Det var derfor en reell frykt for at vi kunne bli sittende med boligen hvis vi ikke aksepterte budet, så når budfristen gikk ut aksepterte vi budet ved svar på tekstmelding»

Vedtak: Styret har tatt påstanden og klagen om uryddigheter rundt salgsprosessen på største alvor, og gitt den en detaljert behandling i to styremøter, først den 19.05.18 og nå i dette møtet. Ut fra den dokumentasjon som er fremlagt av megler og daglig leder, så kan ikke styret se at det er skjedd noen form for uryddighet eller brudd på prosedyrer ved salg av Brisingvegen 3B fra megler si side. Daglig leder har fulgt de retningslinjer og rammer som styret har gitt han, og i tillegg har han utøvd ekstra forsiktighet ved å konferere med styrets leder og nestleder før aksept av bud.

Styret sier seg tilfreds med det som har skjedd.

Sak 15/18

Godkjenning av protokoll fra styremøte den 09.05.18
Protokoll godkjent.

Sak 16/18

Gjennomgang og godkjenning av regnskapet for 2017

Eneste post det var endring i regnskapet i forhold til gjennomgang den 09.05.18 var avsetning til tap. Revisor mente at det måtte settes av ytterligere kr. 150.000,- i tap på fordringer. Ellers så var de noen små korrigeringer og endelig resultat ble dermed negativt med et samlet underskudd på kr. 148.232,-.

Styret godkjente regnskapet.

Sak 17/18 **Godkjenning av dokumenter som skal til generalforsamling.**
Dokumentene godkjent.

Sak 18/18 **Generell økning av styrehonorar og særskilt økning av styreleders honorar.**

Styrets leder forlot styremøtet når vurdering av hans styrehonorar ble vurdert.

Forslag:

Det sendes innstilling til generalforsamling om økningen av det generelle styrehonorar lik økningen andre år med 3%.

Styrets leder er mer involvert enn tidligere og har hatt en vesentlig økning i arbeidsmengde det siste året, noe som vil vedvare. Det foreslås derfor å øke styreleders honorar med kr. 7.500,- per år fra dagen kr. 46.500,- til nytt honorar **kr. 54.000,-**

Vedtak: Begge forslag fikk full tilslutning.

Sak 19/18 **Eventuelt.**
Ingen saker under eventuelt.

Otto Magne Strømmegjerde
styreleder

Helga Lermo Johansen
nestleder

Torill Velle
styremedlem

Odd Arne Eidem
styremedlem

Arvid Aure
styremedlem

Vidar S Nakken
daglig leder

Agenda

- Enkel informasjon om salgsprosessen.
- Arbeidsmetode.
- Gå spesifikt inn på de to sakene det har oppstått spørsmål rundt, manglende varsling på 3E og manglende varsling / korrupsjonsanklager på 3B.

Salgsprosessen

- Alle fire boligene ble annonsert på Finn.no fredag 19.januar
- Helsidesannonse med boligene i Sykkylvsbladet 26.januar
- Visninger mandag 29.januar
- Salg 3E 31.januar
- Salg 3D 06.februar
- Salg 3B 06.februar
- Salg 3A 08.februar

Arbeidsmetode

- På visning – få alle interessenter til å føre seg opp på visningslister.
- Dagen etter visning – ringe til alle som har ført seg opp på interessentlistene for å få oversikt over hvem som er interesserte.
- Jobber deretter med de som er interesserte og bruker tiden vår på de.
- Budvarsling per sms til samtlige på budlisten, samt oppfølging per telefon til de som har gitt inntrykk av at boligen kan være av interesse.
- Kontinuerlig oppdatering til selger gjennom hele budprosessen.

Oppfølging Stein Dalseth

- Snakket med alle på interessentlistene dagen etter visning, tirsdag 30.januar. Dette gjaldt også Stein Dalseth. Tilbakemeldingen fra han at datteren kom til bygda senere i uken og at han derfor ikke ønsket å foreta seg noe før hun hadde fått sett boligene, siden det var hun som skulle kjøpe. Ang. boligen 3B ble det spesifikt nevnt at han anså denne som den minst attraktive av boligene som var for salg i rekken. I løpet av samtalen gav han meg et tydelig inntrykk av at både 3E og 3B ikke var aktuelle for de.

3E:

Takst: 1 000 000,-
Salgspris: 1 000 000,-

Dette var den første av boligene som ble solgt.

Varsling:

- Når det kommer til budvarsling per sms på 3E har det skjedd en feil av meg. På denne tiden registrerte vi visningslistene manuelt fra papirlistene på visning og inn i vårt meglersystem, og her har Stein Dalseth blitt feilregistrert. Dette har gjort at han ikke mottok budvarslings-sms på 3E. Siden han tidligere på dag hadde gitt meg inntrykk av å være uinteressert, ble han ikke fulgt opp via telefon da det ble mottatt bud senere samme dag. Her ble de som hadde vist reel interesse prioritert.
- For å undersøke det tekniske rundt sms-varslingen har jeg ringt til 11 av de som stod på interessentlisten (utenom Dalseth). 1 av disse har skiftet mobil og hadde av den grunn ikke sms-logg tilbake til januar/februar, 2 har jeg ikke fått kontakt med og de resterende 8 har mottatt sms. Det tekniske har da fungert som det skal.
- Risikoen for feilregistreringer / manuell registrering av visningslister er nå vesentlig mindre, da vi siden april har tatt i bruk digitale visningslister via Ipad. Kunden registrerer seg nå direkte på Ipad som vi har med på visning med navn og mobilnummer og dette blir automatisk lagt inn i vårt meglersystem.
- Den sistnevnte endringen vil være med på å forhindre at feilregistreringer skal skje i fremtiden.

Konsekvenser – kunne vi oppnådd en høyere salgssum?

- En uke senere (7. februar) kom Dalseth (datteren) på banen som budgiver på 3A. De kom først med bud på kr. 980 000,- kl. 20:29 med akseptfrist 21:15 som ble avslått av selger. Deretter kom de med nytt bud på kr. 1 000 000,- kl. 21:05 med akseptfrist kl. 21:45, dette ble også avslått av selger.
- En ny budgiver kom på banen samme kveld som det siste avslaget til Dalseth ble gitt, med bud på takst kr. 1 100 000,- kl. 21:50 først med frist kl. 22:15 men etter samtale med Vidar fikk vi forskjøvet akseptfristen til dagen etter kl. 11:00. Dette budet ble da akseptert av selger. Her var det selvfølgelig telefonkontakt med Dalseth før aksept ble gitt.
- I etterkant har det blitt nevnt at Dalseth likevel var interessert i boligen i 3E og hadde vært villig til å by over budet som ble mottatt her på kr. 1 000 000,-. I sammenheng med dette vil jeg vise til at jeg i min logg datert 08.februar kl. 10:50 (10 minutter før akseptfristen på budet på 3A gikk ut), har notert meg følgende under interessenten Sofie Dalseth: "*Hadde finansiering på plass til kr. 1 000 000,- og derfor ble ikke denne lenger aktuell.*" Altså den samme summen som 3E ble solgt for.
- Dalseth var også budgiver på 3D, her stoppet de på kr. 910 000,-. Neste bud på denne boligen kom fra en annen budgiver på kr. 1 000 000,- og da var ikke Dalseth med lenger. Denne var oppusset og hadde bedre standard enn 3B. Av den grunn er det naturlig å tro at de ville strukket seg lenger på den oppgraderte boligen i 3D enn boligen i 3B.
- Feilen mtp. feilregistrering og usendt sms til Stein Dalseth tar jeg på min kappe og beklager. Likevel gjør finansieringsgrensen deres på kr. 1 000 000,- kombinert med tilbakemeldingene fra Dalseth i etterkant av visningen at jeg mener dette ikke har hatt noen konsekvens for den endelige salgssummen.

3B:

Takst: 1 000 000,-
Salgspris: 900 000,-

- Dette var den minst attraktive boligen av de fire annonserte. Allerede før boligene var annonsert snakket jeg og Vidar om nettopp dette, og at det var viktig at de boligene som ble omsatt først oppnådde gode priser for å legge prisgrunnlaget for de øvrige salgene. Tilbakemeldingene fra interessentene på 3B i min ringerunde dagen etter visning var lunke og ingen viste reel interesse i denne. Dette ble også videreformidlet til Vidar og vi anslo at denne ville kreve mest tid i markedet.
- Som nevnt tidligere uttalte Stein Dalseth til meg under ringerunden dagen etter visningene at 3B var den minst attraktive av boligene som var for salg i rekken.
- Budgiver på 3B, Ann Kathrin Strømmegjerde, var ikke på den åpne visningen men på privatvisning 06. februar. Hun var da innom boligene 3A, 3B og 3D.
- Hun var først i budrunde på 3D 06. februar, men måtte tilslutt gi seg på denne. Senere på ettermiddagen 6. februar kl. 17:15 kom hun på banen med bud på 3B. Budet var på kr. 900 000,- med akseptfrist kl. 18:00.
- Bud bør legges inn med minimum 30 minutters frist, men tidligere i salgsprosessen hadde Vidar og jeg snakket om at bud på ettermiddagstid burde ha en noe lenger akseptfrist for at han skulle få tid til å konferere med styret. Budgiveren gikk derfor med på å sette en budfrist på 45 minutter.
- Vidar var i løpet av disse 45 minuttene i kontakt med to i styret og i tillegg hadde jeg og Vidar en tett dialog disse tre kvartene. Vurderingene vi gjorde gikk på om budet på kr. 100 000,- under takst var et bud som burde aksepteres eller ikke. Vi var begge helt klare på at ut ifra tilbakemeldingene fra interessentene som hadde vært på visning og det at ingen andre hadde vist reel interesse i boligen, så var kr. 900 000,- ingen dårlig pris for dette objektet. Min anbefaling til Vidar var at budet burde aksepteres, og Vidar delte dette synet.
- Budet på kr. 900 000,- ble meldt ut til samtlige på interessentlisten, inkl. Stein Dalseth. Sms'en står som "sendt" i vårt meglersystem. Når det nå i etterkant oppstod usikkerhet om denne sms'en likevel ikke hadde gått ut fra vårt meglersystem Webmegler, var det en sak vi måtte ta svært alvorlig.
- Jeg har på samme måte som ved 3E hatt en ringerunde til de som var oppførte på interessentlisten på 3B. Her var det totalt 14 navn på listen (utenom Dalseth). 2 av disse har skiftet mobil og hadde av den grunn ikke sms-logg tilbake til februar, 2 har jeg ikke fått kontakt med og de resterende 10 har mottatt bud-sms.
- Jeg har i løpet av den siste uken i tillegg vært i kontakt med vår administrerende direktør i Partners AS, Hallvard Bragge, og han tok deretter kontakt med vår leverandør av meglersystem, Websystemer AS, for en gjennomgang av hva som kan ha skjedd med den nevnte sms'en. Websystemer sine logger viser det samme som vår logg, at den nevnte sms er sendt til kunden. Websystemer har videre kontaktet deres leverandør for sms-levering, Eurobate. Eurobate har oversendt bekreftelse til meg på at den nevnte sms'en har status "delivered/levert" og at de har mottatt leveringsrapport fra mottakers teleselskap, Network Norway (OneCall).

- Tidligere foregikk budgivning kun via telefon og uten krav til skriftlighet. Det kunne da oppstå tvil ang. hva som var sagt mellom partene. Fra 2014 ble det derfor innført skriftlig varsling via sms for sporbarheten og dokumentasjonen sin del.
- I denne saken har Dalseth først meldt over telefon til meg at boligen ikke var aktuell og deretter blitt varslet på sms om mottatt bud på kr. 900 000,-. At denne sms'en faktisk er sendt er nå i ettetid bekreftet fra teleselskapet som drifter utsendelsene på vegne av vårt meglersystem.
- Ut ifra dette mener jeg derfor at saken er håndtert riktig.

**TILLEGG TIL PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE
03 APRIL 2017**

Sted og tid: Selskapets lokaler i Næringsfabrikken kl. 13.00.


Desse møtte: Otto Magne Strømmegjerde, leiar
Arvid Magne Aure, styremedlem
Odd Arne Eidem
Torill Velle, styremedlem
Vidar Nakken, dagleg leiar
Grethe Loland, sekretær


SAK 06/17 SAL AV BRISINGVEGEN 3 A-C

Bustadane er takserte, tre stk. til 1 million kroner og 2 stk. til 1,1 million. Det er sendt oppseiing til dei som bur der, og det er starta prosess med seksjonering. Når det er på plass må vi sende ut tilbod til bebruarane om kjøp til 80% av takst som dei har rett på. Vi vil bruke Aursnes som meklar ved sal av bustadane.


Tillegg!


Dagleg leiar får fullmakt frå styret til å godta og forkaste bod som kommer, og han har fullmakt til å godta bod inntil kr. 100.000,- under takst om det skulle være tenleg for selskapet. Det som er viktig for selskapet er at vi ikkje vert sittande att og eige seksjonar i denne eigedommen saman med andre, da vi vil bli sett på som ein profesjonell aktør og dermed kanskje bli tillagt ansvar for å «drifte» sameiget, eit ansvar vi ikkje skal ta på oss.


Otto Magne Strømmegjerde
styreleiar


Odd Arne Eidem
styremedlem


Torill Velle
styremedlem


Arvid Aure
styremedlem


Vidar Nakken
dagleg leiar

Sak 21/18 - Oppdatert orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.

Vedlegg: Brev frå Kommunerevisjon 3, datert 12. november 2018.

Sjå vedlagde brev frå Kommunerevisjon 3 ved dagleg leiar Kurt Løvoll. Saka vert lagd fram som ei orientering, og kontrollutvalet vil følgje prosessen vidare. Som kjend er det ei av kontrollutvalet sine viktigaste oppgåver å sjå at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte.

Det er kommunestyret som avgjer kva revisjonsordning kommunen skal ha (Kommuneloven § 78, nr. 3). Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret om val av revisjonsordning og revisor. Kontrollutvalet skal også sørge for at vedtaket til kommunestyret om revisjonsordning blir gjennomført.

Innstilling til vedtak:

Sykkylven kontrollutval tek orienteringa frå Kommunerevisjon 3 til vitande og forventar å bli halde orientert om prosessen vidare.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat
Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar

Sykkylven kontrollutval

Vår sakshandsamar:
Kurt Løvøll

Vår dato:
12.11.2018

Vår referanse:

Dykkar dato:

Dykkar referanse:

Orientering om forhandlingar om fusjon med Møre og Romsdal Revisjon IKS

Vi viser til vårt brev datert 10.09.18 der vi m.a. signaliserte at vi ville kome attende med ytterlegare informasjon om forhandlingar om mogleg fusjon/danning av nytt selskap etterkvart som det låg føre.

Det vart fatta om lag likelydande vedtak i representantskap i Komrev3 IKS og Møre og Romsdal Revisjon IKS om å gå i forhandlingar, medan Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS takka nei til å vere med i forhandlingar.

Det vart avhalde avsluttande forhandlingsmøte mellom forhandlingsutvala i dei 2 selskapa 7. november. Frå vårt selskap deltok ordførarane i Skodje, Giske og Sula i tillegg til styreleiar, konstituert dagleg leiar og tilsettrepresentant. Frå MRRevisjon deltok ordførarane i Molde og Kristiansund, varaordføraren i MRFylke i tillegg til styreleiar, dagleg leiar og tilsettrepresentant.

Hovudpunkt i det forslaget ein vart einige om å leggje fram til vidare handsaming var:

- Danning av samvirkeføretaket «Møre og Romsdal Revisjon SA»
 - Samvirkemodellen blir foreslått då den er vurdert til å i størst grad ivareta dei behov både eigarar og selskap vil for styring og drift av nytt selskap. Eit samvirkeføretak er ein medlemsmodell der det berre er innskotskapitalen kommunen heftar for. I eit IKS derimot heftar eigarane til saman for selskapet sine totale forpliktingar i høve sin eigardel, og eit IKS kan difor ikkje gå konkurs.
- 3 like store (tal på tilsette) kontor i byane Ålesund, Molde og Kristiansund. Mao skal kontorstrukturen slik den er no, vidareførast.
 - Sikrar at kommunane har kompetanse og bemanning i nærleiken. Det skal vere både forvaltningsrevisorar og rekneskapsrevisorar på alle kontora. Kapasitet på forvaltningsrevisjon vil bli auka.
- Hovudkontor i Kristiansund

- MRRev har allereie sitt hovudkontor i Kristiansund, og det er vurdert slik at det fungerer godt slik det er.
- Fakturering etter medgått tid
 - MRRev går over på dette i 2019, og det blir foreslått at dette skal gjelde for det nye føretaket frå dag 1, altså 01.01.2020 ved opprettinga av selskapet. Det inneberer kvartalsvise avrekningar ut frå kva som faktisk er utført for den enkelte kommune/kunde.
- Innskotskapital for våre eigarkommunar blir dekt av akkumulert overskot i Komrev3 – det blir mao ikkje ekstra utgifter for våre kommunar til danning av føretaket. Likevel vil kommunane sannsynlegvis måtte forskottere eigenkapitalinnskot i det nye selskapet, før dei mottar tilbakebetalinga frå Komrev.
- Eigarkommunane er i utgangspunktet ansvarlege for pensjonsforpliktingane i Komrev3 IKS. Det blir foreslått at forpliktingane som gjeld tidlegare tilsette i selskapet blir overført til kommunane ved danning at nytt føretak. Dette vart gjort då Møre og Romsdal Revisjon IKS vart danna, og denne løysinga gjer at det blir lik fordeling av forpliktingar mellom distrikta i eit nytt selskap.

Dersom dette forslaget blir vedteke inneber det ikkje endring i revisjonsordning. Men det vil innebere at det blir oppretta eit nytt føretak, og dermed ny revisor. Det er kontrollutvala som gir innstilling på val av revisor, også i kommunar som er i ferd med å slå seg saman.

Kommunerevisjonen har forsøkt å halde kontrollutvalssekretariat og kontrollutval kontinuerleg orientert om prosessen også for å få innspel undervegs.

Med helsing

Kurt Løvoll
konst. dagleg leiar

Sak 22/18 - Møteplan for Sykkylven kontrollutval 2019

Bakgrunn:

Det er viktig å sørge for at kontrollutvalet har tilstrekkeleg med møte, slik at utvalet kan utføre og følgje opp dei oppgåver som er naudsynte for å sikre forsvarleg kontroll og tilsyn. Ein bør unngå at det går så lang tid frå eit møte til det neste at sakene som kjem opp mistar sin aktualitet. Sjølv om mindre kommuner handsamar færre saker enn større kommuner, er det likevel faste oppgåver gjennom året og valperioden som gjer det naturleg at kontrollutvalet har eit minimum av møte.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet i Sykkylven kommune vedtek følgjande møter for kalenderåret 2019:

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat